

Årsmøteprotokoll skuleåret 2026-2027

FAU-MØTE 1, skuleåret 2026-27

Torsdag 3. september, kl 19.30 – 21.00



	Kort info frå rektor: Oddfrid Reinlund (rektor) presenterte seg og gratulerte med vervet. Påpeika at det er ein viktig kanal for foreldre. Rektor ønsker godt samarbeid. Skulen har fått ein god del pengar til lærebøker. Godt rektorsamarbeid i kommuna. Ho held på med tilsettingsarbeid, fagarbeidar basen, ny lærer og ny avdelingsleiar 5.-7.trinn.												
Sak 1	Godkjenning av innkalling Innkallinga vart lagt ut på Spond 14 dagar før møtet. Vedtak: Innkallinga vart godkjent utan merknad.												
Sak 2	Registrering av frammøte Godt oppmøte på årsmøte for FAU med 31 frammøtte. Representantar og vararepresentantar var kalla inn. Årsmøte var vedtaksdyktig.												
Sak 3	Val av møteleiar, referent og to til å signere protokollen. Møteleiar: Bjarte Tomren Referent: Yvonne Magnussen Protokoll signerer av Cecilie Farstad og Beate Standal												
Sak 4	Kort introduksjon til nye i FAU: Møteleiar går gjennom litt kva det inneber å vere FAU-representant på VBS. Sjå eige skriv på spond, under filer. Alle FAU referat skal ligge på Giske kommune sine sider. Det er ønske om FAU-representant frå SFO. 1., 2. og 3.klasse sine representantar kan gjerne frambringe SFO saker også. Basen har fått spørsmål om å stille representant, konkludert med at dei gjerne kan inviterast inn ved behov. Representant frå SFO og basen kan gjerne tematiserast igjen med skulen, og gjeldande klasser.												
Sak 5	Val av styre <table><tr><td>Leiar</td><td></td><td>på val, ingen melder seg</td></tr><tr><td>Nestleiar</td><td>Yvonne Ytterland Magnussen</td><td>ikkje på val, eit år igjen</td></tr><tr><td>Kasserar</td><td>Sunniva Aasen</td><td>ikkje på val, eit år igjen</td></tr><tr><td>Skrivar</td><td>Renate Synes</td><td>ny i år</td></tr></table> Ingen melde seg som leiar i dag, og det er i utgangspunktet ikkje ønskeleg å trekke ei slik rolle. Bjarte fortset til neste møte, og alle må jobbe for å finne ny	Leiar		på val, ingen melder seg	Nestleiar	Yvonne Ytterland Magnussen	ikkje på val, eit år igjen	Kasserar	Sunniva Aasen	ikkje på val, eit år igjen	Skrivar	Renate Synes	ny i år
Leiar		på val, ingen melder seg											
Nestleiar	Yvonne Ytterland Magnussen	ikkje på val, eit år igjen											
Kasserar	Sunniva Aasen	ikkje på val, eit år igjen											
Skrivar	Renate Synes	ny i år											

	kandidat. Del i klassene, om nokon kan tenke seg å ta på seg vervet som leiar (ikkje FAU-representant for klassa) går det heilt fint. Også forslag om å utvide styret, slik at fleire deler på oppgåvene. Nestleiar er positiv til å vere støtte og hjelpelig i leiarjobben.
Sak 6	Årsrapport skuleåret 2025-2026 Årsrapporten er vedlagt i innkallinga og leggst fram av møteleiar i møtet. Sjå eige skriv.
Sak 7	Årshjul Gjennomgang av årshjulet. Sjå eige skriv.
Sak 8	Økonomi Møteleiar går gjennom status på økonomien til FAU før nytt år. Må gjere vedtak på inndeling av kontoer, kontoer per no er: leirskule, FAU og 17.mai. FAU går godt i pluss. Viktig å beslutte kva ein ønsker å bruke FAU pengane til. Forslag til å kjøpe småting som hoppetau, kritt og liknande som 5.-7.kl kan holde på med. Forslag om å gi en viss sum til kvar klasse for å kjøpe inn noko å holde på med i friminutta. Og eventuelt brettspel til innebruk.
Sak 9	Møtedatoar FAU skuleåret 2026-2027 Forslag til møtedag: Første torsdag i månaden kl. 19.30 – 21.00. Utsett å beslutte tidspunkt til leiar er på plass.
Sak 10	Eventuelt Ingen saker innmeldt i forkant av møtet. Saker som kom opp under møtet: Det er behov for å jobbe med vedtektene, ein del av dei er utdaterte. Litt info om at ei komitegrupper jobber med uteområdet, Zip line er under kartlegging og diskusjon. Ønske om å vedta om ein skal gå for dette på neste møte. Det stillast spørsmålsteikn ved vedlikehald av det som er allereie av leiker og utstyr- diskusjon rundt vegen vidare for å få ting fiksa. FAU er tilbakehalden med å ta på seg for mykje av det arbeidet, då ein tenker at dette er noko kommuna bør ta ansvar for. Det er ønskelig å få elevråd inn i FAU for å høyre deira ønsker. Litt diskusjon rundt trafikktiltak, samsykling, sykkelbuss og andre tiltak ein kan gjere for å få ned trafikken. Det er stadig folk som parkerer på rundkøyringa. Ønske om å få nokre store steinar på den for å unngå dette. Alle foreldre må ta ansvar for å følgje trafikkreglane rundt skulen. Tiltaket «Naustet» på ungdomsskulen skal bygge benker til skulen sitt uteområde for 30 000 kr.

17.mai bør vere et diskusjonstema framover, leirskulen blir gratis frå 2027. Kva skal Katta i sekken gå til, og er det 6.kl som skal ha det? Sak til neste møte.

Vedtak fatta i dag på at ein gir ein sum på 46 000 til skulen(2000 til kvar klasse) som skal gå øyremerka til leiker til utebruk.

Anna Urke Helle tek på seg å få inn anbod frå «Lek og lær» på leiker for små trinn og mellomtrinn til utebruk. Ho tek kontakt med rektor og avd.leiarar for å avklare at med dei.

Oppfordring om at alle får til haustgruppe med klassene sine.

Hautfest blir 29.10.26.

1.-4. må lage ei arbeidsgruppe for haustfesten. Vi treng 2 representantar frå kvar klasse. Dette må sendast ut på spond i kvar klasse.

Avstemning på spond i val av leiar dersom ein får inn kandidatar. Om ingen stiller som leiarkandidat kallast det inn til ekstraordinært årsmøte i oktober for trekking. Bjarte lager et skriv om kva det inneber å vere FAU-leiar, som den enkelte FAU-representant kan dele med klassa si.

Neste møte 01.10 kl 19.30.

Referent Yvonne Ytterland

Cecilie Farstad

Beate Standal